

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur. Tildelingar haust 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 356 000 kroner fordelt slik:

<i>sum</i>	<i>Søklar</i>	<i>Prosjekt</i>	
1	AFRICAN DANCE & DRUM Abu Adonaba	RytmeLAB	15 000
2	ALDELES AS	Bergen - i all beskjedenhet - dvd	0
3	Alwynne Pritchard	Open Call (working title)	0
4	Andrea Spreafico	Poor Dictionary	0
5	Ane Linea Aakre Solberg	Navnløs	0
6	Anna-Lise Marie Hearn	LAND	100 000
7	ANTIKK MUSIKK	Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur - våren 2022	35 000
8	APROPOS TEATER	Laudato Si	28 000
9	BAL MUSETTE ANS	Ekko av livet ditt	15 000
10	BERGEN BIG BAND	Bergen Big Band - turne med Marius Neset og Anton Eger	50 000
11	BERGEN JAZZFORUM	Finsejazz 2022	30 000
12	BERGEN JAZZFORUM	Bajazzfestivalen 2021	35 000
13	BERGEN KOMMUNE	Bolig- og nabolagsutstilling i KODE	60 000
14	BERGEN SEILSKØYTEKLUBB	Kurs i Restaurering og vedlikehold av trebåter - i regi av BSSK med Hardanger Museum som faglig ansvarlig	40 000
15	Else Olsen Storesund	Eit lite rom	15 000
16	EVENTYR I PARKEN	Vandreteaterturné på dagsturhyttane	0
17	FJÆRA BLUESKLUBB	FjordBlues 2021	30 000
18	FORSKNING TIL FOLKET - HENRIETTE	Scenekunst om virus og vaksine i anledning Covid-19 - Brukermedvirkning for podcast og sakprosa	0
19	FOSSE-STIFTINGA	Jon Fosse tilbake i Fosse bedehus.	50 000
20	FOTOGRAF JORDAL	She Hunts-utstillingsturné Vestland	15 000

21	FOTOGRAF RUNE WERNER MOLNES	"Entropi"	0
22	Fredrik Rysjedal	Adjø Tulli	0
23	Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	Førdekonferansen 2022	0
24	GLOPPEN MUSIKKFORUM	Glopperock 2022	0
25	HALLDIS RØNNING	Sort Glimmer	0
26	HUT MUSIC Willy Marhaug	When Love Takes Ahold © 2021	0
27	JONAS FLEMSÆTER HAMRE	Forskjønnelsen	0
28	JONAS FLEMSÆTER HAMRE	Hamre og Hunnes inviterer	0
29	KAREN EIDE BØEN	Sjøveien (Mind's Eye)	0
30	KARISMA & DARK ESSENCE RECORDS AS	Turnering i Norge og Europa med Bergensbandet Vulture Industries	0
31	KIM HANKYUL STUDIO	M.Butterfly	0
32	Kjersti Aase Winjum	Stein på Stein	50 000
33	Kobie Nel	Vestlandsutstillingen 2022, 100-årsjubileum	0
34	Kristin Bolstad	"Morgon" og "Kveld" i Hardanger Skyspace	15 000
35	KRISTINE BJÅNES	Null stress (julepress)	20 000
36	KUNSTGARASJEN	Utstilling og kunstnerpresentasjoner: vi samler det nye fylket	100 000
37	KUNSTNARHUSET MESSEN	MESSEN KUNSTPARK - mellom fjell, fjord og draumar -	43 000
38	LERØEN - FOREDRAG OG TEKST	"Pandemien som speil"	0
39	LOSNASPELET	Losnaspelet 2022	0
40	MARIE KRISTIN DALE	Alvøen Kultur	0
41	MICHELLE ULLESTAD	Det var litt mørkt der en periode	0
42	MOONMADETRoup	Fabelaktig!	0
43	NORDHORDLAND SONG- OG MUSIKKVERKSTAD	JULENATT I KNARVIK KYRKJE/LITLEJULAFTAKONSERT	0
44	Ole Mads Sirks Vevle	Adam Kadmon	0
45	OMI TEKST & FOTO Oddrun Midtbø	Bokprosjekt om Harastølen	50 000
46	OratorieSolistene	OratorieSolistene syng Mozart Requiem 2022	20 000
47	OSAFESTIVALEN AS	Systerspel - vandreutstilling	90 000
48	OSE KAMMERSPEL	Ose Kammerespel	15 000
49	Pamflett	Kunstbokhandel: Hvordan formidle kunstnerbøker i Norge og Vestland	0
50	PERFORMANCE ART BERGEN	PAB OPEN 2022 - Villa Terminus	80 000
51	PIKSEL PRODUKSJONER LTD	Decoding Black Magic	40 000
52	PIKSEL PRODUKSJONER LTD	PikselFliks 2021	0
53	PIKSEL PRODUKSJONER LTD	Piksel Kidz Lab 2021	20 000
54	RIVEDALS KUNSTFOREDRAG	DEMOKRATISK KUNSTKRITIKK	0
55	Roskva Yasmin Andersen	DanseRom	0
56	SART KOMPANI FOR SAMTIDSDANS	Miriam	0
57	SCENETJENESTER AS	Aldri redd for mørkets makt	0
58	SHLOMO RUIMI-ASKILDSEN	Its all about Mimi	0
59	SIGMUND NJØS HOVIND	AMOR FATI - elsk din skjebne	0
60	SIGNE FØRRE MUSIC	Fagert i Finnesloftet - konserter i Vestland	15 000
61	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE Teater	prøverommet på Vers Libre	0
62	STIFTELSEN CINEMATEKET I BERGEN	Kortfilm til Cinematekets 30-årsjubileum	25 000
63	STIFTELSEN LYDGALLERIET	Translating 'Håndbok for lydarbeid i visningsrom' by Jørgen Larsson to English	0
64	STIFTELSEN MUSICANORD	Konsertserie Haaheim Gaard - Tysnes	35 000

65	STIFTELSEN NYE FYLLINGSDALEN TEATER	RØST	0
66	STIFTINGA DET HISTORISKE TUNET PÅ LYGHEIM	Kulturhistorisk atlas med stadnamleksikon - forprosjekt	50 000
67	STIFTINGA KYSTKULTUR NO!	Dokumentarfilm om seglskutetokt langs Kystpilegrimsleia	0
68	Stine Eikefet	Musikkvideo	0
69	SUNNFJORD MUSIKKFEST	Lutfest 2022	50 000
70	SVEIO KOMMUNE(Fartein Valen-arbeidet)	Livsvandring	40 000
71	TONE ANDERSEN	world of unrealism	0
72	TRUDI JAEGER	Topographical Imaginations	0
73	URNE KUNST/PRODUKSJON/TRANSPORT	"Jorda Tek Himlen I Famn"	0
74	Vetle Junker	Vetle Junker	0
75	VIDAR VIKSE	Luminated	0
76	WHALEINTHESKY PRODUKSJONER	Dronning Ingerid	0
77	YOHEI HAMADA	Push Pull Matters	45 000
78	Zsuzsa Zseni	Sanger uten ord	20 000
79	Zsuzsa Zseni	ORD OVER GRIND	15 000

Til saman

1 356 000

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 450800 Stønad etter vedtak.

Samandrag

Denne saka gjeld fordelinga av midlar gjennom tilskotsordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur etter haustfristen 1. september. Vestland fylkeskommune mottok 79 søknader med total søknadssum nærare 5 millionar.

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

Per Morten Ekerhovd
Avdelingsdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Generelt:

Budsjett 2021:	4 210 000 kr under budsjettposten Stønad etter vedtak, som skal fordelast mellom denne ordninga og tilsvarande ordning for frivillig kulturliv. Fordeling mellom desse to ordningane er gjort på bakgrunn av innkomne søknadar. Begge ordningane har to fristar i året.
Søknadsfristar 2021:	1. mars og 1. september
Vedtak kriteria:	KULII 13.januar PS nr 10/21
Kriteria og informasjon om ordninga:	Nettsida www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-prosjekt-og-tiltak--profesjonell-kunst-og-kultur/
Vår 2021	
Tal på søknadar:	117
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	50
Samla søknadssum:	7 769 938 kr
Samla løyving:	1 657 000 kr
Midlar att til fordeling haust 2021	I underkant av 2 millionar til dei to prosjektilskotsordningane til saman
Haut 2021	
Tal på søknadar:	79
Tal på søknadar som er innstilt for tilskot:	35
Samla søknadssum:	4, 85 mill. kr
Samla løyving for denne innstilling:	1 356 000

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt og levande profesjonelt kunst- og kulturliv. Ordninga skal også sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet.

Ordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i dei regionale planane for kultur, og skal svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunst- og kulturliv i fylket. Ordninga skal omfatte kunst- og kulturprosjekt i regi av profesjonelle aktørar i Vestland eller tiltak og prosjekt som er retta mot/går føre seg i fylket.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Kva kan ein få støtte til og vurderinga av søknadane

For 2021 ligg det totalt 4 210 000 kr i budsjettposten Stønad etter vedtak. Denne skal fordelast i ordningane for prosjekt og tiltak, til frivillig kulturliv og til profesjonell kunst og kultur - fordelt på to søknadsfristar i året. Midlane er fordelt mellom dei to ordningane ut frå søknadssum og -tal som låg føre ved fristen, slik som det også vart gjort i vår.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile eller større delar av fylket. Prosjekt og tiltak må bli vurdert til å ha regional verdi og/eller nedslagsfelt for å få støtte.

Tilskotsmidlane kan gje høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i fylket, t.d gjennom pilotprosjekt med overføringsverdi til andre.

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle alle *dei tre absolutte kriteria* for å kunne verte tilrådd støtte:

1. Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
2. Tiltaket skal støtte ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
3. Tiltaket skal ha regional kulturverdi.

Om ein søknad tilrådd støtte er desse tre kriteria innfridd. I tillegg blir søknaden vurdert ut i frå følgjande kriterium og det vert henvist til desse med bokstavar i fylkesdirektøren sine grunngjevingar i vedlegget:

Vurderingskriteria

- a) Utvikling av kulturlivet i fylket
- b) Samarbeid og nettverk
- c) I kva grad tiltaket eller prosjektet er utadretta, inkluderande og ope
- d) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- e) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- f) Støtte og forankring kommunalt og evt. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Det blir *ikkje* gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar
- Produksjonsfasen av kunst, det vere seg innan visuell kunst, musikk, scenekunst eller skjønnlitteratur.
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald o.l.

Dette er vedteke i kriteria og står opplyst på nettsida, men likevel gjeld mange søknader støtte til produksjonsfase av kunst, og må såleis avslåast. Dette er omtala meir lenger ned i saka.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar

Det overordna prinsipp er at tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. Dvs at det kan sjåast på som eit fylkeskommunalt kulturansvar. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi. I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Særleg når det gjeld profesjonell kunst kan dette vere vanskeleg å vurdere heilt skjematisk. Når det gjeld profesjonell kunst og meir spesialiserte tiltak har fylkeskommunen eit ekstra ansvar.

Det er funksjonskriteriet som er mest komplisert å vurdere, særleg i starten på eit prosjekt. Dei fleste av dei tilrådde prosjekta i ordninga dei siste åra har regional verdi både ut frå funksjonskriteriet og geografisk kriterium.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger i den samla vurderingane.

Jf. Innrettinga skal løyvingane i hovudsak ligge mellom 10 000 og 100 000 kroner. Dei fleste søkjarane held seg no innanfor denne ramma, og mange søkjer akkurat 100 000 kroner. Det er få søkjarar som er innvilga totalt søknadssum om den er så høg, då dei då evt må ha svært høg regional verdi om dei skal verte prioritert i så stor grad.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i kommentarane. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Vurderingar og verknader

Meir strukturelle tiltak er også prioritert over utvikling av enkeltstående kunstprosjekt - jf at fylkeskommunen har eit tydeleg ansvar for utvikling og infrastruktur. Den regionale verdien ser litt annleis ut i eit større fylke, og kan hende setter ein no større krav til den. På den andre sida er det

viktig å kunne stimulere mindre, nyskapande prosjekt og tiltak som skjer rundt om i fylket, og slik utviklar kulturliv og samfunn.

Søknadar om støtte til kunstproduksjon

Det er fleire som søker om støtte til produksjon og produksjonsutvikling. Scenekunstfeltet har hatt særleg mange søkjarar i år. Jf. Revideringa av retningslinene vart det då vedteke at det ikkje skal løyvast midlar til produksjonsfasen av kunst - innan alle kunstgreiner. Nokre har ikkje lest retningslinene godt nok, andre definerer produksjonsfase ulikt. Fylkesrådmannen har definert dette som alt fram til konsert/utstilling/ferdig bok eller «plate» el. Det er difor mange som har fått avslag grunna dette.

Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for regional infrastruktur og utvikling av dette. Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Når det gjeld det profesjonelle kunstfeltet vert funksjonskriteriet for regional kulturverdi svært ofte gjeldande i søknadane. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant. Fylkesrådmannen har prioritert tiltak og prosjekt som har tydeleg, regional verdi, dvs. ofte knytt til geografisk utbreiing i tillegg til funksjon. Dei har då ein plan for utbreiing og formidling.

Som omtala i tidlegare, m.a. i saka om revidering, er denne tilskotsordninga ikkje riktig innretta for å vurdere søknader om kunstproduksjon(innan alle kunstsjangrar). Fylkesrådmannen ser av søknadsmengda at det er eit stort behov, og vil seinare sjå nærare på korleis fylkeskommunen skal forhalde seg til kunstproduksjonsfeltet, kva ansvar ein har her, og kva reiskap ein evt bør innrette betre for å kome behova betre i møte. Det kan vere relevant å sjå dette i samband med innretting av kunstnarstipenda.

Driftsstøtte og prosjektilskot

Organisasjonar/institusjonar som tek imot driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak, og der er gjengangarar frå begge dei tidlegare fylka i denne søknadsbunka. Dette gjeld ofte aktørar/tiltak som har ein regional verdi, men ikkje i same grad eller har tilsvarande tyngde og stabilitet som dei som får driftstilskot over budsjett. Søkjaren må då vere merksam på at dette er prosjektilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. Ut i frå t.d. tal på søknader og ulike årlege prioriteringar, så tilskot kan då variere frå søknadsrunde til søknadsrunde.

Finansieringsplanar og budsjett

Dei fleste av søkerane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Det er likevel mange som har lite anna finansiering på plass då dei søkte Vestland fylkeskommune. Det vil si at det er ein usikker økonomi i mange av prosjekta. Men å få positivt svar frå ein instans kan også vere med på å få tilskot og sponsorstøtte frå andre partar.

Når det gjeld kommunal støtte til dei tiltaka som søker her må det merkast at det er få kommunale innvilga tilskot, med unntak av Bergen kommune. Støtte og forankring i heimkommune er eit av vurderingskriteria for denne ordninga. Fylkeskommunal støtte skal forsterke det kommunale engasjementet i tiltak som har regional verdi, ikkje vere ei erstatning for manglande kommunalt kulturansvar.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at 1 356 000 kroner vert fordelt slik det er lagt fram i vedtak og vedlegg.

Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i kommentarane. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.